

Juni 2017



Pasientenes helseteneste

Helse Førde HF arbeider for tida med programmet [Pasientens helseteneste](#). Utviklingsdirektør/viseadministrerande direktør Anne Kristin Kleiven (biletet) er øvste leiar for utviklingsprosjekta. Ein har etablert prosjekt innan mellom anna psykisk helsevern, døgnopphald og poliklinikkar/dagbehandling. Kvart av prosjekta arbeider med å gjere tenestene betre og meir framtidsretta og å gir innspel til behova i [Nye Førde sjukehus](#).



Samhandling med kommunehelsetenesta er særsviktig i alle dei store prosjekta. I tillegg til brukarrepresentantar, har ein og med representantar frå kommunane i arbeidet. Pasientane må få rett behandling til til rett tid, og på riktig nivå. I framtida vil det truleg vere mogleg å tilby meir oppfølging og behandling nær og i heimen.


For å skape Pasientens helseteneste freistar ein å ha større merksemd på korleis pasientane opplever behandlinga. Ein må samarbeide nærmare for å få til meir heilskaplege pasientforløp på tvers av profesjonar, avdelingar, verksemder og nivå i helsetenesta, mellom anna ved å:

- styrke kvalitet og pasienttryggleik
- ta i mot pasientar slik at dei får rask utgreiing, og avklaring av rett behandlingsnivå
- samarbeide med pasienten om å planlegge, og gjennomføre rett behandling
- nytte gode teknologiske løysingar

Ny organisering - Samhandling og tverrprofessionelle tenester

Med bakgrunn i intensjonane og fokusområda i strategiarbeidet knytt til Pasientens helseteneste, så blir Fysikalsk Medisinsk Poliklinikk og Fysio- og ergoterapiseksjonane organisert under Lærings- og meistringsenteret (LMS) i Helse Førde HF. For å avspegle funksjonane i avdelinga og peike retning inn i framtida, har den nye eininga fått navnet «Samhandling og tverrprofessionelle tenester». Leiar ved avdelinga er samhandlingssjef/avdelingssjef Stig Igland. Eininger har følgande fire seksjonar:

- Læring, meistring, fysikalsk medisin og rehabilitering – Seksjonsleiar Are Mikael Lillebø
- Ergoterapi og velferdsteknologi – Seksjonsleiar Eli Schwarz
- Klinisk fysioterapi og førebygging – Seksjonsleiar Jocelyn Astbury
- Behandlingshjelpemiddel – Seksjonsleiar Eli-Nora Lundekvam



Heile 8 ulike yrkesgrupper vil vere representert i avdelinga: spesialistlegar, fysioterapeutar, psykolog, helsesekretærar, sosionom, sjukepleiarar, ingeniør og ergoterapeutar.

Unikt samarbeid - Innsamling, publisering & analyse av folkehelsedata

Eit unikt samarbeid mellom fleire offentlege instansar i fylket er etablert med intensjon om å etablere eit kompetansemiljø rundt eit kunnskapsbasert folkehelsearbeid.

Sentrale oppgåver blir å samle relevante folkehelseindikatorar på ein plass, og gjere faktakunnskapen tilgjengeleg. Dette vil lette arbeidet med å ha oversikt over helsetilstanden og påverknadsfaktorar på alle nivå, og vere nyttig for undervisning, studentarbeid og forsking og til bruk i helse- og omsorgstenesta/spesialisthelsetenesta.



Samordningskalender i Sogn og Fjordane



Samordningskalendaren tar mål av seg å kunne gi ei mest mogleg samla oversikt over møter og konferansar/arrangement knytt til fagområda helse, omsorg og folkehelse i fylket.

Fylkesmannen er vertskap for nettsida, men alle må vere med å ta ansvar for at den er mest mogleg oppdatert. Vi oppmodar derfor om at alle tar eit delansvar for å sikre ei best mogleg oversikt på Samordningskalendaren, til glede og nytte for alle dei samarbeidande aktørane på ulike sektorar i Sogn og Fjordane.

Stipendiatstilling – Samhandling innan eldreomsorga

For å kunne utvikle meir kunnskap som kan bidra til å gje betre heilskaplege tenester til eldre menneske som har store og samansette behov, lyser Høgskulen på Vestlandet (HVL) ut ei stipendiatstilling knytt til samhandling innan eldreomsorga.

Stipendiatstillinga skal knytast til Master i samhandling innan helse- og sosialtenester og den tverrfaglege forskingsgruppa, og er finansiert av midlar frå Kunnskapsdepartementet.



Vi ønsker alle våre samarbeidspartnarar ein riktig fin sommar !

